



AKSJON: Lokale gardbrukarar markerte tysdag misnøyen mot landbruksmeldinga ved å tenne bål på badeplassen Vekslet.

● Bøndene markerte misnøya mot landbruksmeldinga med bålbrekking

– Dette er svært alvorleg

– Den nye landbruksmeldinga er veldig alvorleg for distrikta. Vi er redde for at konsekvensane vert svært skadelege.

Leiar i Ørsta bondelag, Geir Hole, var mellom dei gardbrukarane i kommunen som tysdag markerte misnøya mot regjeringa sitt framlegg landbruksmelding ved å tenne bål på badeplassen Vekslet som eit faresignal mot meldinga og kva skade bøndene meiner den kan gjere for landbruket. Slike bålmarkeringar vart haldne over heile landet.

Dersom landbruksmeldinga vert gjennomført slik ho ligg føre, fryktar Geir Hole store negative konsekvensar for landbruket i Ørsta. Eit av dei sentrale punkta gardbrukarane

fryktar er avskaffinga av marknadsreguleringa.

– Dette vil føre til at vi i distrikta vil få større problem med å levere varene våre. Det vert også større fare for import, noko distrikta vil tape på, seier Hole.

Han viser også til at regjeringa vil fjerne avløyssarordninga, og kutte ut ferie- og sjukeavløyssarordninga.

– Dette vil gjere det vanskelig for oss bønder å verte sjuke og ta ut ferie. Rekrutteringa kan verte dårlegare når fritids- og ferieordningane vert endra. For det er slik at dei unge i landbruket vil ha fri på linje med andre i samfunnet, seier Hole.

Han viser også til forslaget om endring i mjølkekvoteregionane.

– Dette vil føre til at kvotane vil hamne der jordbruket i dag

er sterkast, i sentrale strøk og hos dei som er størst og har best føresetnader for mjølkeproduksjon. Storbøndene kjem til å kjøpe opp kvotane frå distrikta, fryktar Hole.

Leiar i Ørsta bondelag er ikkje imot endringar i landbrukspolitikken, men meiner at den meldinga som no er lagt fram vil gi svært alvorlege konsekvensar for Ørsta-landbruket.

●● Rekrutteringa kan verte dårlegare når fritids- og ferieordningane vert endra

Geir Hole

– Politikken er så finmaska at riv ein vekk ein ting i politikken, kan dette gjere store utslag for andre område. Alt heng saman, og vi er redde for at dette vert frykteleg skadeleg, seier Hole.

Egg og geit

Styremedlem i Møre og Romsdal bondelag, Odd Bjarne Bjørdal, er samd med Hole.

– Meldinga spelar inn mange forslag som vil bryte med det grunnleggande i den norske politikken, spesielt marknadsreguleringsordningane. Regjeringa vil fjerne reguleringa på egg og geit. Slik sett vert desse næringane sett på spel og det vert utrygt for dei som driv i med denne produksjonen. Ein kjem ikkje til å ha tryggleik i at egga vert henta dersom ein bur langt frå sentrum eller eggpakkeria, og for geitemjølka vil ein

ikkje ha garanti for at ho vert henta i område der det ikkje er god avsetning på mjølka, seier Bjørdal.

Han viser også til reduksjon i tilskota til gardbrukarane.

– Ørsta-bøndene fekk i 2014 43 millionar i tilskot. På to år er tilskotet til gardbrukarane i kommunen redusert med åtte millionar. Dette er den prisen vi må betale for at dei store skal ha meir.

Odd Bjarne Bjørdal er klar på konsekvensane dersom landbruksmeldinga vert gjennomført.

– Får regjeringa gjennomslag, vert det ikkje att mykje landbruk i distrikta. No håper eg vi får dei politiske partia med oss slik at skaden vert minst mogleg.

ROY-ARNE FOLKESTAD
roy-arne@morenytt.no